



**Prosjekt:** Granvin Barnehage

## PLAN FOR SIKKERHET HELSE OG ARBEIDSMILJØ (SHA-plan)



|                |             |                                                                                                                                                                                             |                     |                       |                 |
|----------------|-------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------|-----------------------|-----------------|
| 03             | 23.01.2025  | Prosjekteringsfase/oppstartsfase<br>-Overordna framdriftsplan er oppdatert<br>-Endring i distribusjonsliste                                                                                 | Joar M.<br>Grimstad | Oddvar<br>Kvalnes     |                 |
| 02             | 24.10.2024  | Prosjekteringsfase<br>-Felles risikogjennomgang med dei<br>prosjekterande er lagt til som vedlegg<br>-Tekst oppdatert under punkt 3. i SHAplan<br>-Tekst oppdatert under punkt 6. i SHAplan | Joar M.<br>Grimstad | Oddvar<br>Kvalnes     |                 |
| 01             | 24.09.2024  | Prosjekteringsfase                                                                                                                                                                          | Joar M.<br>Grimstad | Oddvar<br>Kvalnes     |                 |
| 00             | 28.09.22    | Tilbodsfasen                                                                                                                                                                                | Muhamed<br>Causevic | Siv Irene<br>Holemark |                 |
| <b>Versjon</b> | <b>Dato</b> | <b>Beskrivelse</b>                                                                                                                                                                          | <b>Utarbeida</b>    | <b>Kontrollert</b>    | <b>Godkjent</b> |

## Innholdsliste:

|     |                                            |    |
|-----|--------------------------------------------|----|
| 1.  | Innleiing: .....                           | 3  |
| 1.1 | Formålet med planen .....                  | 3  |
| 1.2 | Målsetjing for SHA plan i prosjektet ..... | 3  |
| 1.3 | Ansvar og oppfølging av SHA-planen .....   | 4  |
| 2.  | Organisering og kontaktinfo .....          | 5  |
| 3.  | Framdriftsplan .....                       | 7  |
| 4.  | Prosjektspesifikke risikoområder .....     | 7  |
| 5.  | Risikoreduserande tiltak .....             | 15 |
| 6.  | Avvik frå SHA-planen .....                 | 15 |
| 7.  | Vedlegg .....                              | 15 |

## Referansar:

**BHF:** Bygggherreforskriften.

**IKF:** Internkontrollforskriften.

**AML:** Arbeidsmiljøloven.

*Generell bok:*

## 1. Innleiing:

### 1.1 Formålet med planen

Denne plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA), gjeld for oppføring av Granvin Barnehage i Voss Herad. Barnehagen skal bidra til ei sunn og framtidsretta sentrumsutvikling med fokus på materialval som skal eldast godt og løysningar som skal kunne samvirke med nærliggande infrastruktur.

Formålet med SHA-planen er å verna arbeidstakarane på bygge- og anleggsplassen mot farar gjennom at tryggleik, helse og arbeidsmiljø vert ivaretatt i planlegging, prosjektering og ved utføring av bygge- og anleggsarbeida for den nye barnehagen i Granvin.

Byggherre skal synleggjera risiko og HMS krav i prosjektet og er ansvarleg for utarbeiding og oppdatering av SHA-planen.

SHA forhold skal fylgjast opp systematisk og dokumenterast under gjennomføring. Planen er utarbeida i tråd med § 8 i «Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (bygggherreforskriften)», og er byggherrens overordna plan for styring av SHA-arbeidet i prosjektet.

### 1.2 Målsetjing for SHA plan i prosjektet

Prosjektets målsetjing at det skal gjennomførast utan skade på menneske, det ytre miljø eller materiell, med ein «H1-verdi» =0. (H1-verdi syner frekvensen av arbeidsulukker, med alvorsgrad som medfører minimum ein heil dags fråvær frå arbeid/arbeidsplassen).

Risikoforhold skal synleggjerast, vurderast og førebyggjast, før skade oppstår.

Prosjektet skal til ei kvar tid fylgja gjeldande lovverk, forskrifter frå offentlege myndigheiter og evt. tilhøyrande pålegg.

- Det skal vera 0 skadar i prosjektet
- Det skal ikkje vera forureining til ytre miljø
- Alle har eit medansvar for aktivt å melda inn uynskte hendingar eller neste hendingar (RUH)
- Risikovurderingar skal gjerast fortløpande og i samsvar med framdrift i prosjektet
- Det skal gjennomførast minimum ein beredskapsøving i prosjektet
- Vernerundar skal gjennomførast etter oppsett plan frå valt total entreprenør (TE)
- TE skal gjennomføra og dokumentera SJA i prosjektet sin valde sky lagring (prosjekt hotell)

### 1.3 Ansvar og oppfølging av SHA-planen

Byggherre har ansvar for distribusjon og ajourføring av SHA-planen. Mottakar av planen (TE) skal i samsvar med arbeidsgjevaransvaret (§ 19 Bhf) distribuera og gjera dokumentet kjent for sine arbeidstakarar og UE'ar

Siste revisjon av SHA-plan skal til ei kvar tid vera tilgjengeleg på bygg- og anleggsplassen.

- Byggherre har det overordna ansvaret for å halda SHA-planen oppdatert.
- Koordinator for SHA i prosjekteringsfasen (KP), er dokumentansvarleg for planen fram til oppstart av byggearbeida, og SHA koordinator (KU) i utføringsfasen.
- Hovudbedrift har ansvar for at SHA-planen er lett tilgjengeleg på bygge-anleggsplassen og gjort kjent for alle aktørar i prosjektet, også ved endringar i plan.
- SHA plan skal fylgjast opp gjennom heile byggjeperioden. Bygge og prosjekteringsmøter skal ved behov ta opp endringar/oppdateringar i gjeldande SHA plan.
- Planen skal oppdaterast med revisjonstekst og dato.

Oppdatert plan vert distribuert på e-post.

Tabell 1: Distribusjonsliste

| Navn                      | Firma           | Rolle                                         |
|---------------------------|-----------------|-----------------------------------------------|
| Styrkår Ringheim Hustveit | Voss Herad      | Byggherre Prosjektleder i planleggingsfasen   |
| John Olav Grevle          | Voss Herad      | Byggherre Prosjektleder i gjennomføringsfasen |
| Joar Matre Grimstad       | Multiconsult AS | SHA koordinator for prosjekteringsfase (KP)   |
| Joar Matre Grimstad       | Multiconsult AS | SHA koordinator for utbyggingsfase (KU)       |
| Total entreprenør         | Fuglafjell AS   | Hovudbedrift                                  |

## 2. Organisering og kontaktinfo


Hovudbedrift har overordna ansvar og koordineringsansvaret for HMS-aktivitetar på byggeplassen.

Tabell 2: Organisering

| Funksjon          | Føretak               | Kontaktperson             | E-post                            |
|-------------------|-----------------------|---------------------------|-----------------------------------|
| Byggherre         | Voss Herad            | Styrkår Ringheim Hustveit | styrkaar.ringheim-h@voss.herad.no |
| Prosjektl.        | Voss Herad            | John Olav Grevle          | john-olav.grevle@voss.herad.no    |
| SHA – KP/KU       | Multiconsult Norge AS | Joar Matre Grimstad       | jomg@multiconsult.no              |
| Totalentr.        | Fuglafjell AS         | Anders Hjartnes           | ah@h2hardanger.no                 |
| PL                | Fuglafjell AS         |                           |                                   |
| Totalentr.<br>PGL | H2 Hardanger          | Håkon Hjartnes            | hh@h2hardanger.no                 |
| Ark               | HLM Arkitektur AS     | Svein Øvsthus             | ovsthus@hlm.no                    |
| RIG/RIB           | H2 Hardanger          | Erlend Ukvitne            | eu@h2hardanger.no                 |
| RIVa              | H2 Hardanger          |                           |                                   |
| RIV               | Tecno VVS             | Andreas Setsaas           | andreas@tecno.no                  |
| RIE               | TBA                   |                           |                                   |
| RIB               | Konsepta AS           | Asle Martinsen            | asle@konseptas.no                 |
| Grunn/VA          | Flage Maskin AS       | Eirik Hanto               | eirik.hanto@flagemaskin.no        |
| Betong            | TBA                   |                           |                                   |
| Tømrar            | Johns E. Øvsthus      | Sondre Hanto              | sondre@ovsthus.no                 |
| Varme og sanitær  | Tecno VVS             | Hallvard Vangdal Mo       | hallvard@tecno.no                 |
| Ventilasjon       | Tecno VVS             | Hallvard Vangdal Mo       | hallvard@tecno.no                 |
| Elektro           | TBA                   |                           |                                   |
| Sprinkler         | TBA                   |                           |                                   |
| Anleggsgartner    | TBA                   |                           |                                   |

Organisasjonskart:

Totalentreprise.



Figur 1: Organisasjonskart

**Svart tekst:** Navn på firma og kontaktperson.

**Raud tekst:** Rolle i høve byggherreforskriften/arbeidsmiljølova.

**Blå tekst:** Entrepriaseforhold

### 3. Framdriftsplan

Overordna framdriftsplan.

*Tabell 3 - Framdriftsplan med milepålar*

| Milepålar                                                               |                                   |
|-------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------|
| Oppstart                                                                | <i>Slutten av 4. kvartal 2024</i> |
| Ferdigstilling utomhus                                                  | <i>Midten av 4.kvartal 2025</i>   |
| Barnehage ferdigstilt og prøvedrift/fullskala funksjonstestar igangsatt | Slutten av 1.kvartal 2026         |
| Ferdigstilling av prosjektet                                            | Slutten av 1.kvartal 2026         |

Entreprenør har ansvar for å laga detaljert framdriftsplan for dei ulike arbeidsoperasjonane som ligg føre i prosjektet, og syne behov for koordinering av aktivitetar på byggeplassen. Entreprenøren har ansvar for at framdriftsplan fortlaufande er oppdatert med revisjonsdato.

Detaljert framdriftsplan leggst ved som vedlegg til SHA-plan når denne føreligg.

Koordinator for utføring (KU) skal gjennomgå entreprenøren sin framdriftsplan med omsyn til SHA, og evaluere risikoforhold i samråd med entreprenør. Byggherre skal godkjenna framdriftsplanar.

### 4. Prosjektspesifikke risikoområder

**Tabell 4** syner dei potensielt største projektspesifikke risikoområda med tilhøyrande førebyggjande tiltak. Tabellen skal oppdaterast ved behov, etter avklaring med byggherre.

I utlysingsfasen er det overordna føringar, som seinare ved behov vil vidareutviklast i samband med revisjon av SHA-planen. Før oppstart av byggearbeida skal totalentreprenøren (Hovudbedrifta) revidere risikovurderinga til å gjelde heile gjennomføringa, basert på endelege val av løysingar for utføringa. Dette skal entreprenøren konkretisere i ein gjennomføringsplan.

Byggherre kan pålegga hovudbedrifta å gjennomføre nye risikovurderingar, som vidare kan takast med i denne planen.

**Sannsyn:**

|                    |     |         |     |
|--------------------|-----|---------|-----|
| Høg                |     |         |     |
| Middels            |     |         |     |
| Låg                |     |         |     |
| <b>Konsekvens:</b> | Låg | Middels | Høg |

*Figur 2: Matrise risikokartlegging*

*Tabell 4: Risikovurdering*

| <b>Id nr.:</b> | <b>Bhf §8</b> | <b>Farekilde</b>                                            | <b>Risikoaktivitet</b>                                                                                                                                                                                         | <b>Fargekode</b> | <b>Tiltak<br/>prosjektering</b>                                         | <b>Tiltak utføring</b>                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Ref. dokumentasjon</b>                                     | <b>Ansvar</b>               |
|----------------|---------------|-------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------|-------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|-----------------------------|
| <b>1</b>       | <b>Pkt. 1</b> | Arbeid nær installasjonar i grunnen                         | Skadar på personell på grunn av at eksisterande VA infrastruktur, skadar på fiberkabler og eventuelt nedgravne olje-/ drivstoff tankar som ikkje er detektert tidlegare.                                       |                  | Dokumentasjon av all infrastruktur i bakken.<br><br>Innhente kabelkart. | Forsiktig graving ved behov.<br><br>Innhente kabelkart.                                                                                                                                                                                                                                    | Konkurransegrunnlag<br><br>Kart<br><br>Rapportar / teikningar | <b>PRO</b><br><br><b>TE</b> |
| <b>2</b>       | <b>Pkt. 2</b> | Arbeid nær høgspenteleidningar og elektriske installasjonar | Risiko for straumgjennomgang / lysboge frå byggestraumskåp og leidningar.<br><br>Konflikt med høgspenst og lavspenstkablar samt vegbelysning i området.                                                        |                  |                                                                         | Sikre alle byggestraumskåp. Ha avtale med installatør ved feil/manglar på byggestraumskåp.<br><br>Indre Hordaland KraftNett (IHK) og eigar av vegbelysning må kontaktast og det må planleggjast omlegging.                                                                                 | HMS plan                                                      | <b>TE</b>                   |
| <b>3</b>       | <b>Pkt. 3</b> | Arbeid nær passerande trafikk                               | Risiko for påkøyrse ved all inn og utkøyring til anleggsområdet. Vegane til byggeplassen ligg tett på nærliggande bustader, leikeplass, næringsbygg og Granvin sjukeheim.<br><br>Turområde tett på byggeplass. |                  |                                                                         | Riggplan skal ta omsyn til gåande, besøkande, varelevering og utrykkingskøyretøy.<br><br>Definer eige område for parkering av bilar for arbeidstakarane på riggplan<br><br>Bruke ryggevakt ved rygging inne på anleggsområde.<br><br>Lastebilar som skal inn på området må ha ryggekamera. | Riggplan<br><br>HMS plan                                      | <b>TE</b>                   |

Plan for Sikkerhet Helse og Arbeidsmiljø  
Granvin Barnehage

|          |               |                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                  |  |  |                                                                                                           |          |           |
|----------|---------------|-------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|--|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|-----------|
|          |               |                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                  |  |  | Bruk av trafikkvakt i perioder med økt trafikk inn til anleggsområdet.                                    |          |           |
| <b>4</b> | <b>Pkt. 4</b> | Arbeid hvor personer kan bli utsatt for ras, synke i gjørme | Materielle skader på byggeplass ved flaum på grunn av ekstremnedbør.<br><br>Byggeplassen ligg i flaumsone, 200 års flaum med klimapåslag (Jf. flaumsonekart vist i reguleringsplan) Det er ikkje gjennomført spesifikk kartlegging av grunnvatn. |  |  | Sørge for å gjere nødvendige sikringstiltak dersom det varslast om flaum.<br><br>Sikre lause gjenstandar. | HMS plan | <b>TE</b> |

Plan for Sikkerhet Helse og Arbeidsmiljø  
Granvin Barnehage

| Id nr.: | Bhf §8  | Farekilde                                                                          | Risikoaktivitet                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Fargekode | Tiltak<br>prosjektering | Tiltak utføring                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Ref. dokumentasjon | Ansvar |
|---------|---------|------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|-------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------|--------|
| 6       | Pkt. 10 | Arbeid som inneberer at personar kan bli skada ved fall eller fallande gjenstandar | <p>Fall frå arbeid i høgda.</p> <p>Fall ned i byggegrop / grøfter.</p> <p>Fall på flat mark.</p> <p>Mister verktøy / materialar frå stillas/lift.</p> <p>Innvendig takhøgde kan gjere det utfordrande med montering av himling, spesielt over innvendig amfi.</p> <p>Person og materiellskadar ved inn og ut løfting av vegg/dekkeelement.</p> |           |                         | <p>Bruk av lift og stillas ved arbeid i høgda.</p> <p>Ikkje lagring av verktøy eller materiell på stillas, repo, mellomhøgder og avsatsar.</p> <p>Ved innvendig arbeid skal det brukast rullestillas eller lift der det er naudsynt.</p> <p>Ved bruk av stige eller gardintrapp skal det utførast ein risikovurdering for bruk i forkant.</p> <p>Fokus på orden og reinhald.</p> | HMS plan           | TE     |
| 7       | Pkt. 12 | Arbeid med montering og demontering av tunge element                               | <p>Løfteoperasjonar</p> <p>Klemskader i samband med montering av massivtreelement/lettak wood.</p> <p>Fjerning av støtter/forskaling.</p>                                                                                                                                                                                                      |           |                         | <p>God planlegging og avsperring av område der slikt arbeid skal utførast.</p> <p>Utførande må legge til rette for at montering kan gjennomførast på sikkert vis.</p> <p>Alle element skal sikrast slik at ein</p>                                                                                                                                                               | HMS plan           | TE     |

|  |  |  |  |  |  |                                  |  |  |
|--|--|--|--|--|--|----------------------------------|--|--|
|  |  |  |  |  |  | unngår fall/velt og klemeskadar. |  |  |
|--|--|--|--|--|--|----------------------------------|--|--|

| Id nr.: | Bhf §8  | Farekilde                                                                                                                                                                                                    | Risikoaktivitet                                                                                                                                    | Fargekode | Tiltak prosjektering | Tiltak utføring                                                                                                                                                                                                  | Ref. dokumentasjon             | Ansvar |
|---------|---------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|----------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------|--------|
| 8       | Pkt. 13 | Arbeid som inneberer fare for helseskadeleg eksponering for støv, gass eller vibrasjonar                                                                                                                     | Støvande og støyande arbeid fører til dårleg sikt og ukonsentrerte arbeidstakarar.                                                                 |           |                      | Vatning i tørkeperiodar for å unngå støv på anleggsområde.<br><br>Forbode å bruka kokoverk som ikkje går på biodrivstoff eller straum.                                                                           | HMS plan                       | TE     |
| 9       | Pkt. 14 | Arbeid som utsett personar for kjemiske eller biologiske stoff som kan føre til ein belastning for tryggleik, helse og arbeidsmiljø eller som fører til eit lov- eller forskriftsfesta krav om helsekontroll | Arbeid med lim, fugemassar eller epoxyprodukter som kan skada personar.                                                                            |           |                      | God utlufting og merking områder der slikt arbeid vert gjennomført.                                                                                                                                              | HMS plan<br><br>Stoff kartotek | TE     |
| 10      | Pkt. 16 | Arbeid som fører til brann- og eksplosjonsfare                                                                                                                                                               | Alt av varmt arbeid, køyretøy, maskiner og verktøy kan byrja å brenne.<br><br>Røyking på byggeplass.<br><br>Sveising av takbelegg med open flamme. |           |                      | Nødvendig sløkkjeutstyr skal vær tilgjengeleg i direkte nærleik.<br><br>Sløkkjeutstyr skal merkast på riggplan.<br><br>Brannfarlege produkt skal låsast inn når dei ikkje er i bruk.<br><br>Drivstofftankar skal | HMS plan<br><br>Riggplan       | TE     |

# Plan for Sikkerhet Helse og Arbeidsmiljø Granvin Barnehage

|           |                |                                                                      |                                                                                                                                                      |  |  |                                                                                                                                                       |          |           |
|-----------|----------------|----------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|--|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|-----------|
|           |                |                                                                      |                                                                                                                                                      |  |  | plasserast i trygg avstand til vasskjelder og anna kritisk infrastruktur.                                                                             |          |           |
| <b>11</b> | <b>Pkt. 17</b> | Arbeid som fører til fare for helseskadeleg ergonomiske belastningar | <p>Montering av dører og glasfelt.</p> <p>Montering av himling.</p> <p>Bruk av verktøy med vibrasjon, for eksempel betongboring over lengre tid.</p> |  |  | <p>Rotasjonsordningar for å unngå uheldige arbeidsstillingar over lengre tid.</p> <p>Bruke tilpassa tekniske hjelpemiddel for å unngå tunge løft.</p> | HMS plan | <b>TE</b> |

Plan for Sikkerhet Helse og Arbeidsmiljø  
Granvin Barnehage

| Id nr.:                    | Bhf §8 | Farekilde                          | Risikoaktivitet                                                                                                                  | Fargekode | Tiltak prosjektering | Tiltak utføring                                                                                                                                                                            | Ref. dokumentasjon        | Ansvar    |
|----------------------------|--------|------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|----------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------|-----------|
| <b>Andre risikoforhold</b> |        |                                    |                                                                                                                                  |           |                      |                                                                                                                                                                                            |                           |           |
| <b>12</b>                  |        | Redusert tilkomst for naudetatar   | Feilparkering (villparkering) av bilar og køyretøy.<br><br>Mellomlagring av utstyr.                                              |           |                      | Det skal alltid være tilgjengeleg for naudetatar og ta seg fram til anleggsstad. Angrepsveg skal markerast på riggplan og med skilt på anleggsområde.                                      | Rigg plan                 | <b>TE</b> |
| <b>13</b>                  |        | Uvedkommande inne på anleggsområde | Uvedkommande kjem inn og skadar seg sjølv eller sett arbeidstakarane i fare ved å «tukla» med verktøy og utstyr.<br><br>Tjuveri. |           |                      | Sikra område og etablera låserutinar på anleggsområdet.                                                                                                                                    | HMS plan<br><br>Rigg plan | <b>TE</b> |
| <b>14</b>                  |        | Språkutfordringar                  | Tryggleiksinformasjon vert mistyda.                                                                                              |           |                      | Det er eit krav at ansvarleg på byggeplassen skal kunne forstå og snakke norsk<br><br>Tryggleiksinformasjon skal kunna tydast av dei nasjonalitetane som utfører arbeid på anleggsplassen. | HMS plan                  | <b>TE</b> |

# Plan for Sikkerhet Helse og Arbeidsmiljø Granvin Barnehage

| Id nr.: | Bhf §8 | Farekilde         | Risikoaktivitet                                   | Fargekode | Tiltak prosjektering | Tiltak utføring                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Ref. dokumentasjon               | Ansvar |
|---------|--------|-------------------|---------------------------------------------------|-----------|----------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------|--------|
| 15      |        | Værforhold        | Mykje nedbør<br><br>Sterk vind<br><br>Kulde/varme |           |                      | <p>Planlegge arbeidet etter værmelding</p> <p>Stillas skal kontrollerast etter uvêr og andre tilhøve som kan ha påverka stabilitet eller styrke.</p> <p>Riggplass og alt utstyr, lause delar etc. som kan føre til skade på personar og eigedom skal til ei kvar tid vere sikra.</p> <p>Etablere vinterberedskap med brøyting og strøing.</p> <p>I periodar med høg temperatur, sørge for at arbeidstakarane har tilgjengeleg vatn til drikke.</p> | HMS plan                         | TE     |
| 16      |        | Avfallshandtering |                                                   |           |                      | <p>Etablere fast rutine for rydding på anleggsplass.</p> <p>Ha til ei kvar tid tilgjengelege avfallscontainer for å handtera kildesorteringa.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | <p>HMS plan</p> <p>Rigg plan</p> | TE     |

## 5. Risikoreduserande tiltak

Helse, Miljø og Sikkerheit (HMS) er eit leiaransvar.

Prosjektorganisasjonen har dagleg ansvar for at SHA-arbeidet vert ivareteke etter gjeldande føresegn, lover og forskrifter.

I dette prosjektet skal hovudbedrift ivareta ansvaret i heile byggeperioden i samsvar med AML §2.2.

## 6. Avvik frå SHA-planen

Endringar i SHA-planen sine føresetnader skal handterast som avvik. Døme på avvik:

- Endringar i organisasjon, både byggherres og entreprenørens organisasjon.
- Endringar i tidsplanen, framdriftsplan eller ved forhold som har betydning for koordinering av arbeidsoperasjonar mellom dei ulike entreprenørane.
- Forhold som krev spesielle tiltak.
- Forhold som ikkje er skildra i gjeldande SHA-planen og har betydning for arbeidstakar sitt liv og helse.

Avvik skal meldast til byggherre, jf. Byggherreforskrifen §8. bokstav d. Avviket skal behandlast og innarbeidast i SHA-planen av byggherre.

Avvik omtalast og behandlast i byggemøte og dokumenterast i møtereferat.

Revisjonshistorikk av SHA-planen skal syne endringar og revisjonar gjort bl.a. etter avvik.

Det skal etablerast logg over SHA-avvik slik at desse vert fanga opp om det er gjentakande avvik som krev behov for ytterlegare forbetringstiltak.

## 7. Vedlegg

Vedlegg 1: Detaljert framdriftsplan (ikkje klar)

Vedlegg 2: Risikogjennomgang